

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2014

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

PedSAFE - Innføring av et systematisk skåringsverktøy for vurdering av syke barn

### Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Medisinsk klinikk ved Direktør Olav Hesjedal, Helse Førde

### Prosjektleder (kontaktperson)

Ander Bjørkhaug, overlege barneavdelinga

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Ein av truslane mot pasientsikkerheit er at ulike yrkesgrupper i helsevesenet vert utdanna- og jobbar isolert frå kvarandre (The Institute of Medicine 1999 med rapporten: To Err Is Human: Building a Safer Health System) [1]. Dette aukar faren for feil som følgje av kommunikasjonssvikt. Suboptimal interaksjon i behandlingsteamet forårsakar så mykje som 70% av alle medisinske feil [2]. Moderne utdanning av helsearbeidarar bør difor fokusere på samarbeid, kommunikasjon og teamfunksjon, både i grunnutdanning og som kontinuerleg profesjonell læring [3].

Legar og sjukepleiarar som jobbar med barn, bør ha same rammeverk for tverrfagleg læring av tidleg gjenkjenning av alvorlig sjuke barn og ungdommar. Dette er avgjerande for at behandlande lege skal kunne ta nødvendige medisinske avgjersle på eit tidleg stadie.

PEVS eller Pediatric early warning scores (PEWS) er skåringssystem som identifiserer pasientar i fare for klinisk forverring. Skåringssystemet er basert på alder og parametre som respirasjonsfrekvens, oksygenmetning, puls, sentral kapillærfylling, blodtrykk, temperatur og bevisstetsnivå. Skåren for alle dei ulike parametra vert lagt saman til ein talverdi som, avhengig av cutoff-nivå, bestemmer pasienten sin risiko for klinisk forverring. PEWS eller Paediatric Advanced Warning Score (PAWS) er også brukt som triageringsverktøy

### Mål for prosjektet

Auka pasienttryggleik gjennom trygg og systematisk observasjon og dokumentasjon av alle sjuke barn, med tydeleg kommunikasjon for å sikre systematisk overføring av kritisk informasjon om pasienten til alle involverte partar

### Metodisk tilnærming / evaluering og måling av effekt

Prosjektet vil nytte Helse Førde sin metodikk i Forbetringsprogrammet, med stor vekt på involvering av alle samarbeidande avdelingar og partssamarbeid.

Evaluering av effekt:

- Brukarundersøking medarbeidertilfredshet før og etter prosjektperioden. Helsepersonell vil vere tryggare i egne kliniske observasjonar og ved vidareformidling/kommunikasjon med anna helsepersonell.
- Resultat frå journalgjennomgang før og etter prosjektperioden, ang dokumentering av observerte vitalparameter hos innlagde barn.

### **Planlagt bruk av resultat i eiga eining**

Prosjektet sine resultat og nye løysingar skal implementerast og brukast i dagleg drift undervegs i prosjektet

### **Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

- Prosjektet har stor overføringsverdi til andre barneavdelingar som ikkje enno er i gang med skåringsverktøy. Spesielt for barneavdelingar av same storleik.
- Det er rom for samarbeid med andre barneavdelingar i Helse Vest i dette prosjektet.
- Førde sentralsjukehus treng samhandling og tettare samarbeid mellom einingar og fagpersonar som behandlar barn for å yte ei trygt pasientforløp.
- Kan vere grunnlag for artikkel i fagtidsskrift.
- Poster og presentasjon på Helse Vest sin pasienttryggleikskonferanse.

**Oppstarttidspunkt**

oktober 2014

**Sluttidspunkt**

oktober 2015